

## Gjennom levande historie der vinden leikar i kåte spreitt

Fleire enn eg har vel høyrte forteljinga om tjærebrennaren som var i Støren-kyrkja ein helgedag. Heile sommaren hadde han legi i marka og brent tjære og kol, og var fælt solbrent og mørk i huden. Lang kyrkjeveg hadde han hatt, og sliten og trøyt som han var — og lite van med å sitja roleg i eit hus — dorma han snart av under gudstenesta.

Det var snautt om prestar somme gonger før i tida òg. Han som stod på preikestolen, hadde alt nådd aldersgrensa, men dreiv enda og vikarierte i ferietida. No høvde det slik at han mesteparten av si tid hadde gjort presteteneste i Amerika, og der hadde han sett ymse slag folk og raser, sjølv sagt.

Etter kvart vart han viss på at den sovande, mørke mannen var ein utlending, ein mulatt helst. Og ikkje skjøna han vel eit norsk ord, var det likt til. Men han måtte òg få nokre kveikjande ord, tenkte presten, og etter den ordinære preika, heldt han ei tale på engelsk. Han sette i heller kvast og høgt for å vekke armingen, og einstirde på han heile tida.

Jau, det kan hende tjærebrennaren vakna! Dei vart lys vakne dei andre i kyrkja òg, og stira i den lei presten såg.

Mannen frå kolmila og villmarka vart meir og meir forbina. Ikkje skjøna han ein kvekk av det som vart sagt, men det var greitt å sjå at presten meinte på han. No fekk han att fordi han hadde sovi i kyrkja! Og alle ikring såg og høyrde, heldt med presten og stira vondt på han — storsyndaren!

Den dagen var det ein kar som var snøgg til å koma seg ut etter gudstenesta i Støren-kyrkja. Duknakka tok han beina fatt og skunda seg attende til skogane der han høyrde heime.

Slike og liknande forteljingar vitnar om at det var eit noko anna til liv i skog og mark og på fjell enn no. Eg veit ikkje kvar denne mannen hadde kolmila si, men kanskje var det på søre sida av Gaula — og i vest for Sokna. Her er eit stort område, vidder av skog, utmark og fjell som høyrer Støren, Horg, Hølonda, Meldal, Rennebu og Soknedal til. Snaue kollar og høge fjellrygger stikk i veret og syner leia for dei som er på ferd. Du har *Mannfjellet* oppfor Støren, *Vedløse* med reine liner mot vesthimmelen rett oppfor Skoldadalen i Horg. Ber det austover og i sør, stoggar synet ved den sylkvasse *Høgkneppen* og den morosame *Raudhatten* til det endeleg følgjer fjellryggene *Gynnildfjellet* og *Iglefjellet*, det siste som sjølv majesteteten på desse viddene.

Her finst vatn i mengdevis, men tek vi unna *Svorkesjøen* og *Hølsjøen*, er dei fleste små. Bekkene krøkjer seg fram under sæterlier, framom berg og gjennom skog og ulende. Det er berre så sørgjeleg lite som blir gjort for å gjere desse blinkande vatna og surlande bekkene attråverdige for friluftsfolk og fiskarar. Det går ikkje berre med eit og anna tiltaket som interesserte grunneigarar og hyttefolk gjer ein gong i mellom. Her må planleggjast av kunnige folk og arbeidast på lengre sikt.

Er ikkje denne saka så viktig at vi kan stogga ved ho ei stund? — Jau, eg trur det!

Å koma seg bort frå byar og tettbygde strøk på ein fridag, er ikkje noko problem lenger når kvar heim snart rår over eit motor-køyrety. Og rett no er vegane lagde gjennom herlege friluftslunger i skog og mark og over vidder av fjell. Eg tenkjer på fleire og fleire bygder som blir bundi saman med gode ferdselsårer, og eg tenkjer ikkje minst på dei nye, fine skogsbilvegane.

Men som regel er ikkje berre frisk luft og vakker natur nok til å lokke folk ut. — Enn om det var noko attåt, noko som gav ferda eit mål å stunde mot?

Eitt av desse måla måtte kunne bli vatna og fiskebekkene. Frå skaparen si hand har vi ein rikdom av dei, det er berre vi som ikkje

bryr oss om å stelle med dei så dei gjev oss den opplevinga som ein dag eller ei natt ved eit godt fiskevatn kan gje oss.

Sjølvsagt sit mange no og undrast på kva alt dette har å gjera med den tjærebrennaren som sovna i Støren-kyrkja. — Jau, men det har det likevel, for før i tida var det livleg i skog og utmark. Viddene gav spenning, og viddene gav arbeidsmål for mykje folk, ikkje minst dette store område mellom Gaula og Orkla, eit område som i røynda er komen i skuggen av høgare og villare fjellvidder i næraste omkrins.

Her var ikkje berre tjærebrenning og kolmiler, må ein tru, men her finst merke etter gardar og bufaste folk på milevis ute i utmarka. Og når ein ferdast i markene her, må ein serleg tenkje på sæterlivet i gammal tid. Først bar det til *heimesætra*, ein tre kilometer frå garden, tidleg på sommaren, sia til *langsætra*, mykje lenger ute.

Etter slåttonna heime tok karar og kvinnfolk ut på markaslåtten på myrar, vollar og engstykke, og kunne vera borte i vekevis.

Enda lenger attende hadde karane stride tørningar i utmarka før *jarnvinna* var unnagjort. Og når ein attåt dette legg til kor viktig fisket var, og fuglefangsten, og jakta på ville dyr av ymse slag, så tek ein til å skjønna litt av ferdsla og livet i gammal tid.

I dag er det ikkje att stort anna av dette enn nokre få sætrer som er i drift. Det vesle som er att av jakt og fiske, er mest ikkje nemnande.

Det nye som skapar liv, er hyttene som skyt opp mest som sopp i somme strøk — og så den store utfarten i påskehelga. Men her kunne bli tumleplass og helsebot for menneske til alle årsens tider slik som farvegane no er lagde gjennom skog og utmark-terreng.

Eg tenkjer serleg på den siste nyvinninga i så måte, vegen frå *Hovin* og til *Meldal* over *Skåra*, kjent frå «Skårarennet». Rett nok er horgbyggene litt seine til å få skikk på *Skoldalsvegen*, men her er lett framkomleg med bil etter skogsbilvegen frå *Kvennakåkkane*. Det som eg serleg da vil nemne, er det vakre lendet ein kjem til å køyre gjennom, skoglier, gamle sætergrender og fjellvidder. Og gjev ein seg tid, vil ein alle stader finne far etter menneske frå hundreår attende, hustufter, høyløer (kanskje til nedfalls no), sæterhus og fine vollar, slagghaugar frå jarnvinninga osv. Det er verd ein helgatur

berre å fara framom det gamle gruvesamfunnet *Nyplassen* på Meldalsskogen.

Her hadde Løkken-gruva ei smeltehytte for å nytte ut brennefanget ikring. Kyrkjegarden er borte no, men minnesteinen som er reist på kyrkjegarden, vitnar om livet for vel så 150 år sia og den menneskeflokken som hadde arbeid til levemåten og fast bustad her.

Ei ferd gjennom slikt lende vil gjera historia levande, den som fortel om kvardagslivet frå ætt til ætt, om strevet og slitet for å nytte ut det villmarka har å gje. Det gjev turane innhald av eit serleg slag medan vi gjev oss skogvidda i vald — og fjellet der «vinden leikar i kåte sprett».